

# Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

## Referat

<b>Møtetid</b>	<b>Fredag 10.12.21</b>
<b>Stad</b>	<b>Teams</b>
<b>Til stades</b>	Leni Dale (Alver), Kjerstin Fyllingen (HDS), Ove Sæbø (Modalen), Evy Knutsen (Brukarutvalet HDS), Liv Berit Haukås (Fagforbundet), Oddvin Neset (Masfjorden), Grete Lill Hjartnes (SSE), Elena Sandgathe (SSE), Rebekka Ljosland (HDS), Ingebjørg Søreide (Gulen), Bente Orlèn Westervik (Brukarutvalet HB), Randi-Luise Møgster (HB), Trude Hjortland (HB, seksjon for samhandling, observatør), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Odd Arild Ågedal (Fedje)
<b>Ikkje møtt</b>	Terese Folgerø (Alver), Jarle Gallefoss (Austrheim), Geir Lien (HB), Anne Hildegunn Færøy (SSE). Silje Strand Skauge(NSF), Erling Jacobsen (BU HB)
<b>Møteleiar</b>	Oddvin Neset
<b>Referent</b>	Grete Lill Hjartnes og Elena Sandgathe(SSE)

Saksnr.	Saker
43/21	<p><b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>            Ingen saker er meldt til sak 58/21 Eventuelt</p> <p><b>Vedtak:</b>  <u>Innkalling og saksliste godkjent utan merknader</u></p>
44/21	<p><b>Formell godkjenning av referat frå møte 3-2021, 21.september</b></p> <p><b>Vedtak:</b>            Referat frå SU-møte 21.sept 2021 er formelt godkjent utan merknader.</p>
45/21	<p><b>Covid 19 – orientering frå koordineringsgruppa</b></p> <p><u>Orientering om status frå koordineringsgruppa v/ Ingebjørg Søreide og Randi-Luise Møgster</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Møte kvar tysdag.</li> <li>- Fast agenda: Status frå utvalsområda, status frå HB og HDS, smitteutvikling, Laboratoriekapasitet og funn, status underutval og innmeldte saker.</li> <li>- Kvar region har 2 representantar, Terese og Ingebjørg deltek frå SU Nordhordland</li> <li>- Lagar underutval ved behov. Underutval bemanning er aktivisert igjen og det same er underutval forsyning.</li> <li>- Statsforvaltaren har bed koordineringsgruppa sjå på mogelegheit for distribusjon av hurtigtestar.</li> <li>- Viktig med god dialog og gjensidig informasjon dersom kommune og/eller føretak avgjer saker som påverkar dei ein samhandlar med.</li> <li>- Godt samarbeid mellom partane og god gehør for innspel. Kommunane er nøgd.</li> <li>- Kan opne opp for meir samarbeid på andre områder.</li> <li>- Erfaringar kan nyttast i Helsefellesskap, t.d. knytt til det å la seg representera.</li> </ul> <p>Samarbeidsutvalet for NH takkar for orienteringa og det gode arbeidet som pandemi-koordineringsgruppa gjer.</p>
46/21	<p><b>Årleg gjennomgang av avtaleverket</b></p> <p>Samarbeidssekretariatet (SSE) har gjennomført ei vurdering av gjeldande samarbeidsavtalar med utgangspunkt i mal for årleg gjennomgang av avtaleverket.</p>

	<p><b>Tilråding frå samarbeidssekretariatet (SSE):</b></p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Etablering av helsefellesskap i Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sjukehus sitt føretaksområde utløyser trøng for revisjon av den overordna samarbeidsavtalen. Arbeidsgruppa for etablering av helsefellesskapet vil legge fram si tilråding om prosess for denne revisjonen.</li><li>2. Partane må vere budd på å starte opp avtaleprosessar i 2022 knytt til lovendringar med to nye krav til kva samarbeidsavtalane mellom kommunane og spesialisthelsetenesta skal innehalde. SSE tilrår at prosessane for avtalearbeidet knytt til dei nye lovkrava vert handsama når helsefellesskapet er etablert.</li><li>3. SSE meiner partnarane bør vente med å gjere ei vurdering når det gjeld kva avtalar som må fornyast til 1) arbeidet med å etablere helsefellesskapet er slutført og 2) det føreligg ein ny rettleiar for dei lovpålagte samarbeidsavtalane mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.</li><li>4. SSE viser elles til det pågående arbeidet med å revidere tenesteavtale 10, det planlagde arbeidet med å revidere tenesteavtale 8 og arbeidet med å utarbeide lokale særavtalar til tenesteavtale 11. Dette arbeidet er føreslått vidareført til felles handlingsplan for 2022.</li></ol> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til samarbeidssekretariatet si tilråding i saka.</p>
47/21	<p><b>Handlingsplan 2021 og 2022</b></p> <p>SSE presenterte statusrapport for arbeidet med felles handlingsplan for 2021 og forslag til ny handlingsplan for 2022.</p> <p><b>SSE si tilråding</b></p> <p>Fleire av tiltaka som er føreslått på handlingsplanen for 2022 krev mykje arbeid frå alle involverte. Særleg punkt 1.7, 2.1 og 2.4 inneheld mange og krevjande arbeidsoppgåver.</p> <p>SSE ber om at dette vert vurdert dersom fleire saker vert føreslått inn på Handlingsplanen for 2022.</p> <p><b>Innspel til Handlingsplan for 2022</b></p> <p>Punkt 1.2 Tenesteavtale 8: Her er det godt fagleg samarbeid/samhandling om forløp mellom føretak og kommunane og SSE får i oppdrag å sjå om tiltak for 2022 skal endrast.</p> <p>Punkt 2.4: Viktig å få avklart omfang av dette arbeidet. Omfanget vil kunne påverke om dette skal ligge SSE eller andre.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek SSE sin status for arbeidet med handlingsplan for 2021 til orientering. Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til utkast til handlingsplan for 2022 og ber SSE legge fram endeleg Handlingsplan til handsaming i februar 2022.</p>
48/21	<p><b>Etablering av Helsefellesskap</b></p> <p>Møteleiar orienterte om bakgrunn og status for arbeidet med etablering av Helsefellesskap i Helse Bergen sitt opptaksområde. (sjå vedlagt PP)</p> <p>For å sikre betre forankring og involvering av rådmannsnivå i kommunane er det gjennomført møte mellom HB, HDS og Rådmannsutvalet(RU) i NH. Dette var eit godt møte der ein m.a. drøfta og vart samde om vidare prosess for involvering av ulike nivå i kommunane i Region Nordhordland.</p> <p>Møteleiar informerte om at Nordhordlands kommunane har hatt ein god prosess og har komme med gode innspel til <i>utkast til samhandlingsstruktur og samarbeidsformer</i> som vart drøfta i arbeidsgruppemøte</p>

	<p>24.11.2. Desse innspela saman med innspel frå dei andre partnarane i samarbeidet vart tekne med i diskusjonen, og er lagt til grunn for nytt utkast til <i>samhandlingsstruktur og samarbeidsformer</i>. Samarbeidsutvalet fekk presentert kva som no ligg som forslag til struktur og samansetting av dei ulike samarbeidsorgana.</p> <p>Utkastet vil bli presentert for Toppleiarmøtet i januar 2022.</p> <p><b>Innspel:</b></p> <p>På SSU nivå må den 4. representanten frå spesialisthelsetenesta ( der HB har 2 og HD 1) komme frå psykisk helse.</p> <p>Brukarrepresentasjon frå HB og HDS vil ein kunne løyse på alle nivåa. Ein vil til ei kvar tid kunne vurdere kva som er den beste representasjonen på SSU nivå og ut i dei faglege samarbeidsutvala. Dette ser ein kan verta meir krevjande for kommunane.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek status for arbeidet med etablering av Helsefellesskap i Helse Bergen sitt opptaksområde til orientering.</p>
49/12	<p><b>Samhandling for å styrke det alderspsykiatriske tilbodet</b></p> <p>Presentasjon av Anita Sørteit, kommuneoverlege og sjukeheimslege Osterøy.</p> <p><b>Bakgrunn:</b></p> <p>Det blir stadig fleire eldre og ergo stadig fleire eldre med psykiske lidinger i kommunane. Desse pasientane har ofte ein lang og samansett sjukehistorie, der me kan vinne mykje på å utvikle ei meir framtidsretta samhandling mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, til det beste for pasienten. Erfaringane at denne pasientgruppa ofte ikkje får god nok og/eller rask nok behandling og nødvendig oppfølging i sitt sjukdomsforløp. Vi trur at dette vil kunne bli betre seg ved å utvikle og tilpasse nye metodar for samhandling og samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. Kommunane ønskjer at kommunar og spesialisthelsetenesta drøftar tiltak og nye måtar å samarbeide på.</p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Bra at saka vert løfta fram og at den er i alle utvala</li><li>- Viktig å ta dette med i vidare arbeid , t.d. knytt til arbeidet med «psykisk helse for framtidia». Prosjektet hadde innspelskonferanse 04.11.21, der mange frå kommunane deltok og der dette var eit av fleire tema.</li><li>- Viktig å satse meir på ambulerande tenester, der t.d. Olaviken kan komme ut til dei kommunale tenestene både der besøket er planlagt, men og der det er meir akutte situasjonar.</li></ul> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet tek saka til orientering, og ber om at dette temaet vert teke inn i arbeidet med psykisk helse for framtidia.</p>
50/21	<p><b>Læringsnettverk for gode pasientforløpar</b></p> <p>Presentasjon ved Astrid Toft, KS Vestland</p> <p>KS gjennomfører læringsnettverk for Gode pasientforløpar i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI) på oppdrag for Helse- og omsorgsdepartementet. Målet er å sikre brukarens behov for å møte heiltalege, koordinerte og trygge tenester.</p> <p>Gode pasientforløpar for eldre og kronisk sjuke starta med to læringsnettverk i 2014–2015. Sidan 2016 er det gjennomført ytterligare åtte læringsnettverk. KS er nå i gang med læringsnettverk i Vestfold, Sogn og Fjordane, Helgeland, Telemark, Akershus og Innlandet.</p> <p>Arbeidet i satsinga Nasjonalt læringsnettverk for gode pasientforløpar vidareføre for at alle landets kommunar og helseforetak skal få tilbod om å delta (Meld. St. 15, 2017–2018). Mens det tidlegare har vært gjennomført separate læringsnettverk for henholdsvis eldre og kronisk sjuke og psykisk helse og rus,</p>

	<p>vil arbeidet i perioden 2020–2023 omfatte alle vaksne brukara. Kvart læringsnettverk tilpassast lokale forhold.</p> <p>Arbeidet i Gode pasientforløpar er retta inn mot brukara med samansette behov for helse- og omsorgstenester.</p> <p><b>Effektmål for Gode pasientforløpar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Brukaren/pasienten opplever å være likeverdig i utarbeiding av sitt pasientforløpar</li><li>• Pasientens helseteneste i kommunar og sjukehus skal være systematisert i helhetlige, koordinerte og trygge pasientforløpar</li><li>• Kommunar og sjukehus arbeider kontinuerlig med å bedra overgangane i pasientforløpar</li><li>• Helsefremmende mestring er sentralt i arbeidet med gode pasientforløpar i kommunane og sjukehus</li><li>• Kommunar og sjukehus samarbeider som partnare om det gode pasientforløpar</li></ul> <p><b>KS ønsker å invitere</b> kommunar og samarbeidande sjukehus til å delta med tverrfaglige forbetingsteam. Antal deltarar er avhengig av organisasjonens størrelse. Deltakarane dekker egne utgifter til reise mm.</p> <p><b>Innspel</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Viktig tilbod som kan bidra i arbeidet med dei prioriterte gruppene i Helsefellesskapet</li><li>- For mindre kommunar vil det være mogeleg å samarbeide på tvers</li></ul> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland støtta initiativet og oppmodar kommunar og helseføretak til å førebu seg til å delta i læringsnettverk for gode pasientforløpar, og melde seg på når invitasjon til læringsnettverk for gode pasientforløpar kjem.</p>
51/21	<p><b>Etablering av samhandlingsnettverk om barn som pårørande</b></p> <p>Presentasjon av Lene Merethe Hellesen, HB og Anita Bøe Lagos, HDS. (sjå vedlagt PP)</p> <p>Etablering av et fagnettverk om barn som pårørande er vurdert som viktig og nødvendig. Det kan bidra til å følge opp formål i <i>Tenesteavtale 10 om forpliktende samarbeid, et helhetlig og koordinert forebyggende arbeid</i>, og styrking av informasjonsutveksling og kunnskapsbygging. Det er tilrådd at det vert etablert eit fagnettverk med representasjon frå alle partane, fortrinnsvis samansett av tilsette som har ei rolle i arbeidet med barn som pårørande i eigen organisasjon.</p> <p><b>Innspel</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Godt og viktig tiltak</li><li>- Bør inn som ein del av strukturen i Helsefellesskap</li></ul> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takker for presentasjonen og for initiativet til et viktig arbeid og nettverk.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet støtter forslaget om å etablere og formalisere nettverk for barn som pårørande slik det er skildra i saksgrunnlaget.</p> <p>Partane vert oppmoda om å melde inn namn på aktuell representant (og eventuelt vararepr.) til SSe innan 01.februar 2022.</p>

52/21	<p><b>«Samhandlingsforløp barn og unge»</b></p> <p>Presentasjon ved Simon Øverland, prosjektleiar Helse Bergen (sjå vedlagt PP)</p> <p>Det pågår ei rekke prosjekt og initiativ for å skape meir heilskaplege og betre koordinerte tenester for barn og unge. Slike arbeid er i gang internt hjå partane i samarbeidsstrukturen, mellom partane, og andre stader i landet. Helse Bergen tar initiativet til eit prosjekt som i første omgang skal jobbe med interne pågående prosessar med relevans for samhandling. Se vedlegg.</p> <p><b>Innspel</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Viktig satsing der kommunane ønskjer å ta del i arbeidet.</li> <li>- Vil legge til rette for ein god prosess med t.d. innspelskonferanse</li> </ul> <p><b>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takker for presentasjonen/orienteringa.</b></p>
53/21	<p><b>Helse Bergen HF - justering av utviklingsplan 2035</b></p> <p>Presentasjon ved Ingvild Sunde, rådgjevar Helse Bergen og Nina Næsheim rådgjevar Helse Bergen (sjå vedlagt PP)</p> <p>Eksisterande utviklingsplan vert korta ned og gjort digital og meir tilgjengeleg.</p> <p>Strategi og utviklingsplan vert no samla, og det vert laga delplanar der tiltak og ansvar vert tydelegare forankra.</p> <p>Justert plan vert sendt til postmottak i kommunane etter SU runden, mal for innspel vert lagt med.</p> <p>Frist for innspel er 17. januar, SSE bistår med å samle innspel og strukturere dei.</p> <p>Legg opp til digitalt møte etter innspelsrunden for å få til ein god dialog.</p> <p><b>Innspel</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kort frist sjølv om det berre er innspelsrunde og ikkje høyring</li> </ul>
54/21	<p><b>Utviklingsplan 2035, Haraldsplass Diakonale Sjukehus</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Presentasjon ved Rebekka Ljosland, strategi- og samhandlingsdirektør HDS</li> </ul> <p>HDS sin utviklingsplan vert korta ned og har 14 innsatspunkt. Ein digital plan som skal verta lettare å bruke i dagleg arbeid.</p> <p>Vert sendt ut på innspelsrunde i februar med innspelsfrist i mars. Innspelsfristen er kort og HDS vil kunne ta imot innspel kort tid etter fristen viss kommunane treng litt utvida frist til forankring av innspel.</p> <p><b>Innspel</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kort frist for å gje innspel</li> </ul>
55/21	<p><b>Møteplan 2022</b></p> <p>Samarbeidssekretariatet har utarbeidd forslag til møteplan 2022 for samarbeidsutvala og andre fellesorgan i samarbeidsstrukturen.</p> <p>Det pågår eit arbeid med å etablera helsefellesskap og utarbeiding av forslag til samhandlingsstruktur og samarbeidsformer. Framlegg om endringar i samhandlingsstrukturen kan føra til at møteplanen for 2022 må endrast.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalget for Nordhordland slutta seg til forslag til møteplan for 2022.</p>
56/21	<p><b>Referat frå underutval vedlagt:</b></p> <p>DPS-rådet for NH, møte 17.september 2021</p> <p>Medisinsk fagleg utval(MFU), møte 18.oktober 2021</p>

	<p>Lenke til retningslinje Lege – til lege samarbeid.</p> <p><b>Innspel</b> Helse Bergen: Syner til retningsline for samarbeid mellom fastlege og spesialisthelsetenesta. Kva med pasientar utan fastlege? Kven føl opp, Kommuneoverlegen? Saka vart meld til MFU.</p>
57/21	<p><b>Orientering frå partane</b></p> <p>Alver kommune orienterte om lokal forskrift knytt til Covoid-19 frå 10.12.2021.</p> <p><b>Innspel:</b> Viktig at spesialisthelsetenesta vert informert om planar knytt til lokale forskrifter, jfr sak 45/21 om pandemikoordineringsgruppa.</p> <p><b>HB:</b></p> <p>Barne- og ungdomsklinikken hever aldersgrensen over nyttår</p> <p><a href="http://Barne- og ungdomsklinikken hevar aldersgrensa - Helse Bergen (helse-bergen.no)">Barne- og ungdomsklinikken hevar aldersgrensa - Helse Bergen (helse-bergen.no)</a></p>
58/21	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Ingen saker meldt inn.</p>